

Melding om ulovlege byggjetiltak (NH-17)



Referansenummer: 35CVCF

Registrert dato: 15.07.2022 18:14:49

Innleiing

Ønskjer du å melde anonymt?

Ja Nei

Du har valt å melde saka anonymt. Vi vil ikkje kunne kontakte deg med fleire spørsmål om saka.

Eigedomen

Korleis kan du identifisere eigedomen meldinga gjeld?

Gards- og bruksnr

Gateadresse og postnr

Eigedom - Gards og bruksnr

Gardsnr

143

Bruksnr

1

Er eigedomen festa?

Ja Nei

Type bygg

Hytte

Bustad

Næringsbygg

Anna

Type bygg

Jordtipp

Område

Strandsone

Sjø

Vassdrag

Friområde

Bustadområde

Hyttefelt

Industriområde

Landbruk

Anna

Meldinga gjeld

Tiltaket er

Under oppføring

Ferdig bygd

Grei ut om tiltaket og kva som gjer det ulovleg etter Plan- og Bygningslova

Melding om mogleg ulovleg tiltak gbnr 143/1 Håland

Me ynskjer med dette å melde frå om mogleg ulovleg jordtipp på Håland. Me har søkt i saker på kommunen si nettside. Me kan lese i sak 20/7836 at søknad om etablering av jordtippar vart avvist i 2020. I grunngevinga for vedtaket kan me blant anna lese:

«Vegavdelinga har gitt tilbakemelding at det er knytt særlege utfordringar til tilkomst inn i området og trafikktryggleik. Kvamsvegen er ikkje bygd for transport av massar slik det går fram av søknaden og trafikktryggleiken langs vegen er ikkje ivaretatt.»

«Vestland fylkeskommune har varsla arkeologisk registrering. Jordtippene skal etablerast i område der det er fleire automatisk freda kulturminne og det er potensiale for funn av fleire kulturminne i området.»

«Fylkesmannen i Vestland har gitt uttale og meiner at tiltaket vil få vesentleg verknad for miljø og samfunn og tilrår at kommunen set krav om regulering. Det er her lagt vekt på at det er store massar av ukjend opphav som skal fraktast inn i området, og at trafikktryggleik, forholdet rundt støy og støv og korleis kulturlandskapet og andre omsyn i området vert råka, må vurderast»

Me har nå sett at det i realiteten er etablert ein jordtipp på Håland. Me har over nokre månader sett at det er frakta store massar av ukjend opphav opp Kvamsvegen. Me har sett omkring (og truleg over) hundre lastebilar som har frakta massar opp vegen. Dette påverkar blant anna tryggleiken for barn i nærleiken, trafikk i området og støy for alle naboar i bygda. Håland ligg tett på ein rekke rekreasjons- og turområde. Vidare har me har sett at vegen nå har fått hol i seg som ikkje har vore der tidlegare. Me fryktar at dette heng saman med den omfattande trafikken. Me har vore der for å sjå og det ser ut som massane vert dumpa på Håland på det nordlege området av garden. Slik me les vedtaket frå 2020 vart det søkt om løyve til jordtipp på denne delen av garden. Søknaden vart avvist. Nå er det kome opp boksar med påskrifta «Tomme timplister» og «fulle timplister». Me ser óg at det er etablert eit aksjeselskap med namnet «Nordhordlands tippet AS». Grunneigar er dagleg leiar. Styrets leiar er Gunstein Hansen som er dagleg leiar av BS-Vest. Me ser at BS-Vest nå har send inn søknad om løyve for å byggje landbruksveg over innmarka på hi side av låven.

Alle desse forholda gjev oss grunn til å tru at det allereie er etablert ein jordtipp i drift på Håland. Me ber om at kommunen følgjer opp dette moglege ulovlege tiltaket. Me er vidare bekymra for at desse ukjende massane kan påverke grunnvatnet, som igjen kan sige ned i bygda og forureine brønner og beitemark. Me har høyrte rykte om at nokre av massane som vert dumpa på Håland ikkje er jord og stein. Nokon har sett at det har kome store bilar med til dømes asfalt, glas, betong og anna byggjemateriale. Dette skal ha vorte dekt med jord på toppen. Dette gjer oss svært urolige. Det kan ha store følgjer for heile naturmangfaldet dersom massane er ulovlege. Me er uroa for at dette kan vere å rekna som miljøkriminalitet? Me trur det bør takast fysiske prøvar av grunnen.

Me ber om at kommunen følgjer opp dette snarast. Det er vel ulovleg å etablere ein jordtipp når kommunen har sagt nei? Me har lese alle dokumenta i saka på kommunen sine heimesider. Me kan ikkje sjå at vedtaket om nei til jordtipp har vorte omgjord. Me kjem til å følgje med på innsynsportalen i kommunen om korleis dette blir fylgd opp.

Takk!